



Kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland  
v/ordførar og rådmann, evt. byråd og  
kommunaldirektørar  
Fylkeskommunar v/fylkesordførar og  
fylkesrådmann  
KS regionale leiing  
Regionråda v/dagleg leiar  
Regionale statsetatsleiarar

Saksbehandlar, innvalstelefon

Edvard Høgestøl, 5557 2045

## Kommunane møter staten

Vi har den glede å formelt invitere til samling på Solstrand hotell 19. og 20. november, lunsj-til-lunsj, i tråd med dei gode tradisjonar vi har for slike samlingar i våre to fylke.

Programmet er ikkje klart på detaljnivå, men tema vert digitalisering i kommunar og stat, den nye fylkeskommunen, det nye fylkesmannsembetet, arbeidet til no og framover i samanslåingskommunar, «leve heile livet» (den store satsinga innanfor eldreomsorg), om Forsvarets veteraneneste, Barnekonvensjonen 30 år, «barnas beste» – informasjon frå Husbanken. Det vil også bli innlegg frå den nye leiaren i distriktsutvalet, og inga samling er komplett utan «nytt om veg» frå regionvegsjefen.

Samlinga tar til med lunsj frå kl. 12.00 første dagen, og vert avslutta med lunsj 12.30 andre dagen. Overnatting inkludert frukost, kaffi/kaffimat, trerettars middag og Solstrands rikhaldige lunsj kostar kr 2.790,-. Fri tilgang til velvereavdelinga er inkludert. Lunsj avreisedag (kr 450,-) kjem eventuelt i tillegg. Dei som ikkje overnattar, kan kjøpe dagpakke (med lunsj) på kr 710,- pr dag.

Som vanleg er dette eit godt høve til å møte kollegaer frå andre kommunar og etatar, og til hyggeleg samvær.

Påmelding innan måndag **28. oktober** til [fmhoeho@fylkesmannen.no](mailto:fmhoeho@fylkesmannen.no)



Med helsing

Lars Sponheim

*Dokumentet er elektronisk godkjent*